

Pressemelding

Kontaktperson:

Tlf:

E-post:

Dato: 01.12.2011

Årets offentlege nettstader er kåra

Økokrim fekk prisen for årets statlege nettstad, medan Porsgrunn kommune fekk prisen for årets kommunale nettstad. Prisen for beste tilgjengelege nettstad gjekk til Statens Pensjonskasse.

– Dei beste er flinke til å gjere endringar før kvalitetsvurderinga blir gjort, men mange gjer endringar først etter at dei har fått rapporten. Det er veldig positivt at dei fleste aktivt brukar rapporten, men fleire burde gjere nettsidene betre gjennom heile året, seier direktør Hans Christian Holte i Difi.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) vurderer kvart år kvaliteten på offentlege nettstader. Vurderinga baserer seg på eit kriteriesett innan tilgjengelegheit, brukartilpassing og nyttig innhald, og nettstadane får tildelt frå 1 til 6 stjerner som viser resultatet frå vurderinga.

Årets resultat viser at stjernefordelinga held seg forholdsvis stabil samanlikna med 2010. Det er berre i det midtre sjiktet det er ei forskyving ned frå fire til tre stjerner. Resultata frå årets vurdering viser mykje av det same som i fjor.

Nettstadene vart kåra i dag av Difi under den årlege konferansen Kvalitet på nett. Tildelingane er ein del av Difi sitt arbeid for å gjere kvalitet og brukarretting betre på offentlege nettstader.

Ein fagjury står bak kåringa. Prisane er tufta på Difi sine kriterium for kvaliteten på offentlege nettstader, men fagjuryen ser også på sider ved nettstadene som ikkje så lett lar seg måle.

– Med kåringa vonar Difi å lyfte fram dei gode døma på offentlege nettstader og med dette vise veg for andre offentlege nettstader, seier direktør Hans Christian Holte.

Porsgrunn kommune kåra til årets kommunale nettstad

Porsgrunn kommune blei i dag kåra til årets kommunale nettstad på konferansen Kvalitet på nett, arrangert av Direktoratet for forvaltning og IKT(Difi). Difi står bak den årlige kåringa som og omfattar prisen for årets statlege nettstad og årets tilgjengelegheitspris. Prisane blei delt ut av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjeministar Rigmor Aasrud.

Fagjuryen skriv dette om årets vinnar:

Årets kommunale nettstad

Årets kommunale nettstad utmerkjer seg ved ei radikal omlegging av framsida med tydelege inngangar til kommunen sine viktigaste tenester. Med denne omlegginga har kommunen gjort det enklare for innbyggaren å finne fram. Juryen meiner at nettstaden framleis kan bli betre på navigasjon og konvensjonar for menymarkering, og håpar dette blir ein naturleg del av den vidare utviklingsprosessen. I tillegg bør kommunen arbeide meir med temaside og gå igjennom språket, særleg når det gjeld teiknsetting og rettskriving. Kommunen har hatt mot til å tenkje nytt i si satsing på nett. Behova til brukarane er sette i sentrum, og mange kan finne inspirasjon her.

Dei nominerte til prisen for årets kommunale nettstad var Sørums kommun, Porsgrunn kommune og Trondheim kommune.

Årets fagjury bestod av James Bjerkholt (Making Waves), Helge Kaasin (NRK), Anna Nesje (NTB), Anders Nedland Røneid (Difi), Hege Johanne Tafjord (Difi) og Frank Fardal (Difi).

Årets vurdering viser stor variasjon i kvaliteten blant kommunane

Alle kommunane tilbyr no informasjon og tenester til innbyggjarane på Internett, men med store variasjonar i kvaliteten. Resultatet frå årets kvalitetsvurdering, der 674 offentlege nettstader er vurdert på områda tilgjengelegheit, brukartilpassing og nyttig innhald, avdekkjer store forskjellar mellom dei beste og dei dårlegaste kommunane.

Sørfold, Sørums kommun, Sola, Lier, Sel, Lom, Luster og Sogndal kommune oppnår over 90 % på området tilgjengelegheit, og ligg dermed langt føre den dårlegaste kommunen som berre oppfyller 18 % av krava.

Det er også positivt å sjå at heile 80% av kommunane har elektroniske skjema og at nesten alle desse er kryptert.

Færre kommunar med 6 stjerner i årets vurdering

Samanlikna med fjoråret viser årets vurdering at færre kommunar og fylkeskommunar får 6 stjerner. I fjor var det 51 kommunale og fylkeskommunale nettstader som fekk 6 stjerner, i år er talet 45. Dette skuldast eit strammare kriteriesett, og mange fylkeskommunar har rykka ned på grunn av dette.

Økokrim kåra til årets statlege nettstad

Økokrim blei i dag kåra til årets statlege nettstad på konferansen Kvalitet på nett, arrangert av Direktoratet for forvaltning og IKT(Difi). Difi står bak den årlege kåringa som også omfattar prisen for årets kommunale nettstad og årets tilgjengelegheitspris. Prisane vart utdelt av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjeministar Rigmor Aasrud.

Fagjuryen skriv dette om årets vinnar

Årets vinnar utmerkjer seg med mykje innhald som er godt tilrettelagt og strukturert på ein oversiktleg måte. Nettstaden har målgrupper med ulike behov, men greier å presentere og gjere komplekse tema tilgjengeleg på ein god måte for alle. Utsjånaden er ikkje siste skrik, men stil og tone er tillitsvekkjande og tilpassa sida sitt mål som ein informasjonsnettstad. Juryen meiner inngangane på framsida kan tilpassast betre til målgruppene, mellom anna kan dei to arbeidsområda profilerast enno tydelegare gjennom meny og prioritert innhald. Verksemda er også flink til å publisere statistikk og rapportar frå arbeidet sitt og gir i tillegg ut eige tidsskrift innan sitt fagfelt. Juryen peikar på at nettstaden publiserer det meste av innhaldet både på bokmål og nynorsk. På den måten er nettstaden ei inspirasjonskjelde for andre offentlege nettstader.

Dei nominerte til prisen for årets statlege nettstad var Økokrim, Utdanning.no og Stortinget

Årets fagjury bestod av James Bjerkholt (Making Waves), Helge Kaasin (NRK), Anna Nesje (NTB), Anders Nedland Røneid (Difi), Hege Johanne Tafjord (Difi) og Frank Fardal (Difi).

Fleire statlege etatar inviterer til dialog via sosiale media

Årets vurdering viser at tal statlege nettstader som inviterer til dialog har økt frå 35% til 55%. Aktuelle løysingar for å fremje dialog med innbyggjarane kan vere nettprat (chat), blogg, nettmøte eller anna bruk av sosiale media. Samanlikna med kommunane scorar dei statlege nettstadene betre på denne indikatoren, men kommunane viser også ei framgang, frå 24% i 2010 til 40% i år.

Fleire statlege nettstader med 6 stjerner

I 2010 var det 19 statlige nettstader som fekk 6 stjerner i kvalitetsvurderinga, mens det i år er 21 som oppnår 6 stjerner.

Årets tilgjengelegheitspris til Statens Pensjonskasse

Statens Pensjonskasse fekk i dag utdelt årets tilgjengelegheitspris på konferansen Kvalitet på nett, arrangert av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi).

Fagjuryen skriv dette om årets vinnar:

Vinnaren av årets tilgjengelegheitspris strekkjer seg lenger enn andre for å nå brukarane sine. Dette blir mellom anna vist gjennom eit enkelt og tilrettelagt språk, prioriterte inngangar til dei viktigaste tema, og ein enkel og oversiktleg design. Det er likevel framleis rom for forbedring, særleg gjeld dette kontrasten på nettstaden og ei konsistent markering av lenkjer i vanleg tekst. Juryen vil særleg trekkje fram satsinga på teiknspråk som eit døme til etterfølging, i tillegg til bruken av video som pedagogisk verkemiddel.

Årets fagjury bestod av James Bjerkholt (Making Waves), Helge Kaasin (NRK), Anna Nesje (NTB), Anders Nedland Røneid (Difi), Hege Johanne Tafjord (Difi) og Frank Fardal (Difi).

Oversikt over kommunar og fylkeskommunar med 6 stjerner i Difi sin kvalitetsvurdering:

| Kommunar med 6 stjerner | Statlege nettstader med 6 stjerner |
|-------------------------|--|
| Sørum kommune | NIVA - Norsk institutt for vannforskning |
| Steinkjer kommune | Økokrim |
| Porsgrunn kommune | Matportalen.no |
| Salangen kommune | Stortinget |
| Lom kommune | Høgskolen i Bergen |
| Trondheim kommune | Statsministerens kontor |
| Sogndal kommune | Den norske stats husbank |
| Alta kommune | Direktoratet for naturforvaltning |
| Hamarøy kommune | Direktoratet for forvaltning og IKT |
| Sørfold kommune | Skattedirektoratet |
| Luster kommune | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane |
| Vestre Toten kommune | Klima- og forurensningsdirektoratet |
| Søgne kommune | Fylkesmannen i Hedmark |
| Hasvik kommune | NUPI - Norsk utenrikspolitisk institutt |
| Aure kommune | Utdanning.no |
| Hole kommune | Statens vegvesen |
| Etna kommune | Likestillings- og diskrimineringsombudet |
| Vestby kommune | NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat |
| Leikanger kommune | Patentstyret (Styret for det industrielle rettsvern) |
| Stord kommune | Universitetet i Stavanger |
| Kongsvinger kommune | Konkurransetilsynet |
| Kragerø kommune | |
| Dyrøy kommune | |
| Suldal kommune | |
| Sola kommune | |
| Øygarden kommune | |
| Kristiansund kommune | |

| | |
|--|--|
| Neset kommune Førde kommune Bærum kommune Fjell kommune Frogn kommune Strand kommune Eigersund kommune Ringsaker kommune Vik kommune Tromsø kommune Vindafjord kommune Averøy kommune Forsand kommune Sel kommune Os kommune (Hordaland) Nesodden kommune Meløy kommune Ålesund kommune | |
|--|--|

Meir informasjon om prisvinnarane og resultat frå årets kvalitetsvurdering finn du på <http://kvalitet.difi.no>.